



# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK

Månedsbrev for juli og august 2015. Årgang 51



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.

President: Bernhard Harkjerr  
Visepres: Eileen Brandal  
Sekretær: Arne G. Aschehoug  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Øystein Alme  
Styremedlem: Sverre J. Ulstein  
Styremedlem: Hanne Rognan  
Ansv.red.: Karin S. Holstad  
Referent: Karin S. Holstad

## Den ljose stund - vår stutte dag

Er du hjå meg i den linne kveld  
som andar bjart om blått?  
Attom dagens himmelgull  
ved stundas svarte føter

I hugnad fell vi saman tyst  
ei løynleg svevnlaus natt  
Gjev mild makt mot måneskin  
i tagal varleg akt

Er du hjå meg om det lir av dag  
lik dagen ljøs den fyrste dag?  
Og evig varar stundas ljøs  
Den ljose stund  
vår stutte dag

### Rotarymøte 3.08.15

I dag var det vår nye president som hadde agenda for møtet, og hadde diverse informasjon til oss. I tillegg vart dei nye komiteane sette i arbeid.



### Rotary 10.08.15

Dugnad på Rotarystien. Det var godt oppmøte, og mykje vart gjort. Det var maskin og atv som fekk fordelt grus oppover og nedover frå osen. Flott dugnadsver, og vi avslutta med kaffi og kaker kl.19.30,

Vi hadde besøk frå Australia, eit av vertsforeldra til Ingrid, Alison og Graham.



### **Rotarymøte 17.08.15**

Vegard Gjerde kom med helsing frå Halvard Holm i Drøbakk.

Godt oppmøte idag.

Tema for møtet: Foredrag om Hareid Parkeringssselskap AS, av Lars Elling Bjåstad.

Kommunal beslutning om å opprette selskap og avgiftlegging av parkering.

Han informerte om status pr. Juli 15.

Fase 1 er kai området og bankplassen,entreprenørar har tidsfrist til 24.08. med å levere inn tilbud på igangsetting enreprise.

Her er mange ting som må avklarast, parkering tilsette i sentrum, vaktbilar,pendlarar, offentlige kontor, næringsdrivande, båt-brukarar hamna osv.

Veien vidare:

-handtere merknadar skiltplan

-velge entreprenør og iverksette arbeid

-avklare utstyr automatar og El-bil lading

-planlegge oppstart

-legge grunnlag for ordinær drift av selskapet

Forventa oppstart september/oktober

Målsettinga til Hapark er å vere eit serviceorgan for ei god avklaring på parkering i Hareid.

### **Rotarymøte 24.08.15**

Med politikarane var det eit oppmøte på 30.

Tema: Før valget

Idag har vi fått besøk av dei ymse partia som stiller med liste til kommunevalet i Hareid 14.september.

Dei fekk høve til å presentere programma sine.

SV v/Inga Isild Hareide

Venstre v/Annika Brandal

Folkelista v/ Kristian Fugleseth

Framstegspartiet v/ Truls Håbakk

Høgre v/Ottar Røyset

Arbeidarpartiet v/Stian Runne Brandal

Kristelig folkeparti v/Marit Øien Sæverud

Godt valg:)



### **Rotarymøte 31.08.15**

Siste møtet i mnd., og det var godt prat, kaffi og kake.